



DET KONGELEGE  
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

# Prop. 74 L

(2022–2023)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

---

Endringar i taubanelova og tivolilova  
(undersøking av ulykker og hendingar)



# Innhald

<b>1</b>	<b>Hovudinnhaldet i proposisjonen</b> .....	5	<b>4</b>	<b>Økonomiske og administrative konsekvensar</b> .....	12
<b>2</b>	<b>Om høyringa</b> .....	6	<b>5</b>	<b>Merknader til dei enkelte føresegnene</b> .....	13
<b>3</b>	<b>Nærare om framlegget</b> .....	7			
3.1	Bakgrunn for framlegget .....	7		<b>Forslag til lov om endringar i taubanelova og tivolilova (undersøking av ulykker og hendingar)</b> .....	18
3.2	Gjeldande rett .....	7			
3.3	Departementet sitt framlegg .....	7			
3.4	Høyringsinstansane sine syn .....	8			
3.5	Departementet sin vurdering .....	9			





DET KONGELEGE  
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

# Prop. 74 L

(2022–2023)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

---

## Endringar i taubanelova og tivolilova (undersøking av ulykker og hendingar)

*Tilråding frå Samferdselsdepartementet 31. mars 2023,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Støre)*

### 1 Hovudinnhaldet i proposisjonen

Samferdselsdepartementet legg med denne proposisjonen fram eit forslag til endringar i taubanelova og tivolilova som vil gi eit lovgrunnlag for Statens havarikommisjon til å undersøke ulykker og hendingar på desse områdene.

Desse endringane vil leggje til rette for at undersøking av ulykker og hendingar på taubane-

og tivoliområdet vert forankra i lov på same vis som transportgreinane og Forsvaret.

Lovframlegget reiser etter departementet sitt syn få prinsipielle spørsmål av noko særleg omfang.

## 2 Om høyringa

Lovframlegget vart sendt på alminneleg høyring 13. desember 2021 med høyringsfrist 24. januar 2022. Høyringsnotatet vart sendt til følgjande instansar:

Klima- og miljødepartementet  
Kommunal- og distriktsdepartementet

Arbeidstilsynet  
Direktoratet for byggkvalitet  
Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap  
Politidirektoratet  
Regelrådet  
Statens havarikommisjon  
Statens jernbanetilsyn  
Statens vegvesen  
Vegtilsynet Voss

Arbeidsgiverforeningen Spekter  
Finans Norge  
Forbrukerrådet  
Landsorganisasjonen i Norge  
NHO Reiseliv  
Norges Blindforbund  
Norges Handikapforbund  
Norsk Ingeniør- og Teknologorganisasjon – NITO

Næringslivets Hovedorganisasjon  
Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund

Badelandene  
Foreningen for Norske alpinanlegg og fjelldestinasjoner  
Hunderfossen Familiepark AS  
Kongeparken  
Kristiansand dyrepark  
Lundgruppen  
Lunds tivoli  
Norsk Cirkus og Tivolieierforening  
Norske Tau- og Kabelbaners forening

*Klima- og miljødepartementet* hadde ingen merknader.

*Statens vegvesen* og *Politidirektoratet* støtter endringane.

*Statens havarikommisjon, Statens jernbanetilsyn, NHO Reiseliv, Foreningen for Norske Alpinanlegg og fjelldestinasjoner, Norsk Cirkus og Tivolieierforening, Lundgruppen, Kongeparken, Lunds Tivoli, Kristiansand dyrepark og Hunderfossen Familiepark AS* hadde realitetsmerknader. Desse er omtala i kapittel 3.4 og 3.5.

## 3 Nærare om framlegget

### 3.1 Bakgrunn for framlegget

Det er fleire omsyn som ligg bak framlegget om å gje Statens havarikommisjon kompetanse til å undersøke ulykker på taubane- og tivoliområda.

Departementet legg til grunn at tenester og innretningar som er regulert av taubanelova og tivolilova etter sin art kan vere både mangearta og tidvis risikofylt. Dei vert nytta av både barn og vaksne. I periodar kan bruken vere særskilt omfattande, noko som i seg sjølv kan auka risikoen for uønskete hendingar. Det er difor ei klar forventning i samfunnet om at verksemdene tar vare på sikkerheita til brukarane på ein god måte.

Departementet har òg merka seg at det er eit ønske frå både tilsynsmyndigheita og undersøkingsmyndigheita om å systematisere arbeidet med undersøkingar av ulykkar og hendingar innanfor både taubane- og tivoliområdet. Ulykkesundersøkingar i regi av Statens havarikommisjon er basert på lang erfaring, kunnskap og godt innarbeida metodikk. Det er utstrekt kontakt med aktørane etter ei ulykke eller hending for å sikre at aktørane bidreg til å få eit godt resultat av dei undersøkingane som vert gjort. Eit velfungerande system for ulykkesundersøkingar er eit viktig bidrag til det ulykkesførebyggjande arbeidet. Samstundes peikar departementet på at eit slikt arbeid krev kontinuerleg innsats og bygging av tillit mellom myndigheiter og aktørar over tid. Undersøking av ulykker i tråd med framlegget vil etter departementet sitt syn kunne gje verdifull læring for vidare førebygging av ulykker og hendingar og dermed bidra til ei kontinuerleg betring av sikkerheita.

Departementet legg difor til grunn at det ulykkesførebyggjande sikkerheitsarbeidet skal bidra til å oppnå det overordna omsynet bak lovane om at det i fyrste rekkje skal vere trygt å bruke taubaneanlegg og fornøyingssinnretningar for publikum. Departementet vonar at det samla sikkerheitsnivået vert betre når ein finn fram til dei underliggande årsakene til ei ulykke eller alvorleg hending, slik at liknande hendingar kan førebyggjast for framtida.

Vidare er tiltak som skal sikre at undersøkingsmyndigheita mottar relevante opplys-

ningar om ei ulykke eller hending som har funnet stad, sentralt i arbeidet med å finne fram til dei bakanforliggande årsakene bak ulykka eller hendinga.

I tillegg kjenner departementet til at fleire andre europeiske land har tilsvarande institusjonar som Statens havarikommisjon med oppgåver innan gransking av ulykker på taubaner og kabelbaner, m.a. Frankrike, Portugal, Sveits, Tsjekkia, Italia, Austerrike, Nederland, Sverige og Finland.

### 3.2 Gjeldande rett

Korkje tivolilova eller taubanelova inneheld føresegnar om undersøking av ulykker og alvorlege hendingar. Etter taubanelova og tivolilova har verksemdene ein varslings- og rapporteringsplikt til politiet og Statens jernbanetilsyn for ulykker i medhald av §§ 9 og 10 i båe lovane. Verksemdene har òg plikt til å etablere eit sikkerheitssystem etter båe lovane § 7, sjå òg § 5, som omhandlar pliktene til verksemdene.

### 3.3 Departementet sitt framlegg

I høyringsnotatet trakk departementet fram behovet for ein ny formålsføresegn som ein følgje av at det saklege verkeområdet for lovane vert utvida til å gjelde undersøking av ulykker og hendingar, sjå framlegg til § 1 nytt andre punktum. Føresegnar om undersøkingsmyndigheita vart foreslått tatt inn i nytt kapittel 5 A i taubanelova og tivolilova, og dei svarar i stor grad til føresegnene i jernbaneundersøkelseslova kapittel IV om undersøking av jernbaneulykker. Framlegget til lovendringar om undersøkingar av ulykker og alvorlege hendingar byggjer dermed på ei kjend og veletablert systematikk og metodikk. Kapitlet får overskrifta «*Om undersøkelsesmyndigheten*», og som det kjem fram av overskrifta, retter føresegnene seg først og fremst mot rolla og oppgåvene til undersøkingsmyndigheita.

Undersøkingsmyndigheita skal etter framlegget ikkje vurdere skuld, og det er såleis viktig

at aktørane kan gje forklaring utan at det skal få strafferettslege eller andre konsekvensar, sjå framlegg til føresegn i både lovane § 23 p. Tilsynsmyndigheita si rolle er uendra.

Oppgåva til undersøkingsmyndigheita vil mellom anna bli å førebyggje ulykker, gjennom å skildre og analysere hendingsforløp.

Etter framlegget skal det skal vere opp til politiet å gjera ein sjølvstendig etterforsking av hendingsforløpet hvis det er rimeleg grunn til mistanke om at ei ulykke eller hending fylgjer av regelbrot, i medhald av både lovane § 9. Med andre ord vil framlegget etablere eit skille mellom den strafferettslege etterforskinga og undersøkingar med ulykkesførebyggjande formål, for å unngå ein samanblanding som kan svekke rettstryggleiken til dei involverte partane. Eit slikt skille oppnås mellom anna med strenge krav til teieplikt, sjå framlegg om føresegn i både lovane § 23 k. Dette er i tråd med tilsvarande system som for transportgreinane og Forsvaret, der Statens havarikommisjon i dag er undersøkingsmyndigheit.

For å sikre at undersøkingsmyndigheita skal få mest mogleg opplysningar om ei ulykke eller hending får verksemdene ei generell forklaringsplikt, sjå framlegg til føresegn § 23 f i både lovane, i kombinasjon med reglar som sikrar at opplysningane ikkje seinare kan brukast som grunnlag for sanksjonar mot den som forklarar seg i medhald av § 23 a andre ledd i både lovane. Difor er det naudsynt med ei streng teieplikt som nemnt. Ei slik ordning legg òg til rette for at undersøkingsmyndigheita får mest mogleg informasjon om ulykker og hendingar som har funne stad, og dermed kan dei gje best moglege tilrådingar for å førebyggje liknande ulykker eller hendingar i framtida.

Dei foreslåtte føresegnene i høyringsnotatet søkjar òg å legge til rette for at undersøkingsmyndigheita skal få tilgang til data frå overvåkings- og registreringssystem på taubane- og tivoliområda, sjå framlegg til § 23 j i både lovane, samstundes som føresegna om teieplikt vert gjort klarare som tenkt for dei øvrige sektorlovane. Framlegget inneheld òg ei føresegn som forbyr at opplysningar undersøkingsmyndigheita mottar ved ein undersøking, seinare vert nytta i ein eventuell straffesak mot den som har gitt opplysningane. Dette er i tråd med gjeldande føresegn i jernbaneundersøkelseslova § 22. Forbudet vil òg omfatte all bruk av opplysningar som undersøkingsmyndigheita mottek frå teletilbydarar.

For verksemdene inneber dei foreslåtte endringane ei plikt til å varsle om ulykker og alvorlege hendingar til Statens havarikommisjon som undersøkingsmyndigheit, i tillegg til politiet slik

dei skal i dag. Verksemdene pliktar å gje undersøkingsmyndigheita alle opplysningar som kan vere relevante for undersøkinga. Vidare må verksemdene vere merksame på at dei ikkje må fjerne eller røre gjenstandar eller spor frå ulykka, sjå framlegg til § 23 e i både lovane. Det er Statens havarikommisjon som undersøkingsmyndigheit som får ei varslingsplikt ovanfor Statens jernbanetilsyn som tilsynsmyndigheit etter framlegg til § 9 i både lovane, og ikkje verksemdene slik det er etter gjeldande rett. Samstundes vil verksemdene etter § 10 i både lovane få rapporteringsplikt om hendingar til både Statens jernbanetilsyn som tilsynsmyndigheit og Statens havarikommisjon som undersøkingsmyndigheit.

### 3.4 Høyringsinstansane sine syn

*Statens vegvesen og Politidirektoratet* støttar dei foreslåtte endringane. *Politidirektoratet* trekker samstundes fram i sitt høyringssvar at framlegg til føresegn som omhandler Statens havarikommisjon sine undersøkingar er i tråd med Riksadvokatens rundskriv datert 17. august 2005 (RA 04 187).

Fleire av høyringsinstansane som representerer dei ulike verksemdene som vert råka av både lovane har reist spørsmål om kvifor dei no skal varsle ein ny etat hvis det oppstår ei ulykke eller hending. Det gjeld *NHO Reiseliv, Norsk Alpinanlegg og fjelldestinasjoner, Norsk Cirkus og Tivolieierforening, Lundgruppen, Kongeparken, Lunds Tivoli, Kristiansand dyrepark og Hunderfossen Familiepark AS*.

*NHO Reiseliv* skriv i sitt høyringssvar:

Vi ser det som svært viktig at bedriftene ikke blir unødvendig belastet med å forholde seg til en ny myndighet, noe som kan være mer ressurskrevende ved en alvorlig hendelse der tid, beredskap, førstehjelp og trygg drift er første prioritet. Vi opplever i dag at våre medlemmer synes dagens regler er godt innarbeidet, det er en velfungerende [sic] og vi har god dialog med tilsynsmyndigheten Statens Jernbanetilsyn. Det skal sies at vi har forståelse for at det kan være behov for et uavhengig granskningsorgan ved en eventuelt større alvorlig taubanehendelse/ulykke, og da vil Statens Havarikommisjon uansett kobles på ved slike hendelser.

*Hunderfossen Familiepark AS, Kristiansand Dyrepark AS, Lund Gruppen, Kongeparken, Lunds*



*Tivoli, Norsk Cirkus og Tivolieierforening og Norske alpinlegg og fjelldestinasjoner* har stilt spørsmål om hva som vil vere å rekne som «*alvorlig hendelse*». Herunder er det og reist spørsmål om virkningar for dei ulike verksemdene ved stengjing av ein park eller attraksjonar over lengre tid. *Lund Gruppen, Kongeparken og Lunds Tivoli* har òg reist spørsmål om korleis den nye ordninga med Statens havarikommisjon som ny undersøkingsmyndigheit går saman med tredjepartskontrollørar og gjeldande bransjenormer med meir.

*Kristiansand dyrepark* har for øvrig sagt seg positive til framlegg til endringar så lenge det ikkje «*påvirker eller forlenger nedetid på aktuell aktivitet ved evt hendelse*».

Statens havarikommisjon og Statens jernbanetilsyn stiller seg i hovudsak positive til framlegget og dei har til dels samanfallande synspunkt.

Dei foreslår at formålsparagrafen i båe lovane får same ordlyd som jernbaneundersøkelseslova § 1.

Til båe lovane § 10 tek Statens havarikommisjon og Statens jernbanetilsyn til orde for at krav til rapportering som etter gjeldande rett fylgjer av taubaneforskrifta § 2-7 og tiveliforskrifta § 2-6, no bør tas inn i dei foreslåtte lovane § 10. Dei foreslår samstundes at det berre er ulykker og alvorlige hendingar som skal varsles til undersøkingsmyndigheita, og at rapportering om hendingar går til Statens jernbanetilsyn.

Statens havarikommisjon vonar at siste del av setninga i framlegg til ordlyd i lovane § 11 andre ledd første punktum, er ment å ivareta samme omsyn som jernbaneundersøkelseslova § 23. Dei foreslår difor følgende ordlyd i lovane § 11 andre ledd første punktum:

Personer som nevnt i første ledd har i tillegg taushetsplikt om alle opplysninger som er innrapportert etter § 10 og taushetsplikt om opplysninger etter § 23 k så langt de passer.

Til framlegg til taubanelova § 23 g nr. 2 og tivoli- lova § 23 g nr. 2 peikar Statens havarikommisjon på at det er viktig at undersøkingsmyndigheita kan «*kreve*» og ikkje berre «*be*» om legeundersøkingar, slik det fylgjer av forslag til båe lovane § 23 g. nr. 2. Dei meiner det heng saman med tilsvarende paragraf nr. 1 der undersøkingsmyndigheita kan «*kreve*» fullstendig obduksjon, og andre ledd i paragrafen der undersøkingsmyndigheita kan krevje hjelp frå politiet for å gjennomføre det som fylgjer av føresegna. Statens jernbanetilsyn støttar i hovudsak dette framlegget.

Statens havarikommisjon stiller seg positiv til dei foreslåtte føresegnene om taushetsplikt i båe lovane § 23 k. I den samanheng uttalar dei fylgjande:

SHK er imidlertid av den oppfatning at det unntaksvis kan være behov for å beskrive detaljerte opplysninger av særlig sensitiv eller privat art, herunder detaljerte helseopplysninger, der det er nødvendig for å gi en tilstrekkelig redegjørelse for årsakene til ulykken eller hendelsen jf. formuleringen i § 23 k andre ledd 1. første punktum. For å kunne gi presise og gode tilrådninger der for eksempel SHK ser behov for regelendringer som følge av spesifikke helseplager, kan det være behov for å beskrive helseopplysninger mer i detalj. Se eksempelvis SHT rapport 2016/02 <https://havarikommisjonen.no/Vei/Avgitte-rapporter/2016-02>. Et annet eksempel fra internasjonale ulykkesundersøkelser er Germanwings saken. SHK har tolket sektorregelverkene på området slik at der det er nødvendig for å gi en tilstrekkelig redegjørelse for årsaken til ulykken eller hendelsen, er det et snevert unntak for å redegjøre for slike opplysninger. SHK mener det er viktig å ha en lovfestet skjønnsmessig adgang for undersøkelsesmyndigheten til å vurdere om slike opplysninger skal være en del av rapporten.

Statens havarikommisjon har foreslått ein justering i framlegget til båe lovar § 11 andre ledd første punktum. Dette vil føre til at reglane om taushetsplikt for undersøkingsmyndigheita vert harmonisert ved å vise til båe lovane § 23 k, slik det òg går fram av jernbaneundersøkelseslova § 23.

Endeleg har Statens jernbanetilsyn og Statens havarikommisjon peika på nokre mindre endringar i lovane som ikkje er omfatta av departementet sitt opphavelige framlegg. Det gjeld §§ 3 og 14.

### 3.5 Departementet sin vurdering

Endringane som er foreslått er ikkje meint å rokke ved gjeldande rett hva gjeld innhald i omgrepet «*alvorlig hendelse*». Men hvis det fyrst skjer ei ulykke som etter gjeldande rett utløyser varslingsplikt til politiet, skal verksemdene etter dei foreslåtte føresegnene varsle Statens havarikommisjon som undersøkingsmyndigheit. Departementet peiker på at verksemdene sin varslingsplikt etter

bå lovane § 9 etter framlegget knyttar seg til politiet og undersøkingsmyndigheita. Varslingsplikta for verksemdene vert såleis enklare etter framlegget, ved at det vil verte eitt og ikkje to system for varsling slik det er i dag.

Departementet peikar vidare på at Statens havarikommisjon som undersøkingsmyndigheit allereie har opparbeida seg god erfaring med samhandling med Statens jernbanetilsyn, Politiet og Arbeidstilsynet. Statens havarikommisjon gjennomfører i dag undersøkingar av ulykker og hendingar innan luftfart, jernbane, vegtrafikk, sjøfart og Forsvaret. Resultata av desse undersøkingane har ført til høgare merksemd i det førebyggjande sikkerheitsarbeidet, at svakheiter ved sikkerheita som vert avdekka etter ulykkar vert utbedra og at aktørane er proaktive og hjelpsame ved undersøkingar av hendingar.

Samstundes vert verksemdenes rapporteringsplikt til Statens jernbanetilsyn som tilsynsmyndigheit ført vidare, og det vert etter framlegget oppretta same rapporteringsplikt til Statens havarikommisjon som undersøkingsmyndigheit etter båe lovane § 10.

Til spørsmål frå høyringsinstansane om kva som denfineres som ei ulukke eller hendelse ynskjar departementet å trekke fram *Statens havarikommisjon* sin uttale i samband med høyringsmøte den 18. januar 2022 med *Norske alpinanlegg og fjelldestinasjoner*.

Taubaneloven § 3 definerer hva som er en taubaneulykke og alvorlig taubanehendelse. SHK forstår det slik at bransjen allerede i dag rapporterer og varsler SJT om taubaneulykker og alvorlig taubanehendelse jf. taubaneloven §§ 9 og 10, og det er derfor naturleg at samme praksis legges til grunn for undersøkelsesmyndigheita. Når SHK blir bedre kjent med bransjen og hvordan rapportering- og varslingsrutinene fungerer, vil det være naturleg å vurdere om det er behov for ytterligere presiseringer/retningslinjer fra SHK på området.

Departementet sluttar seg til dette.

Dei foreslåtte føresegnene er ikkje meint å gripe inn i relasjonane mellom Statens havarikommisjon som undersøkingsmyndigheit og eventuelle tredjepartskontrollørar. Departementet peikar på at verksemdene framleis vil ha plikt til å ha eit sikkerheitssystem i medhald av båe lovane § 7. Vidare legg framlegget opp til at det kan nyttast skjema til rapportering, som vert fastsetta av undersøkingsmyndigheita, sjå framlegg til båe lovane § 10.

Departementet sluttar seg til *Statens havarikommisjon* og *Statens jernbanetilsyn* sine merknader om at ordlyden i båe lovane § 10 vert endra slik at dei inneheld krava til varsling og rapportering som i dag fylgjer av taubaneforskrifta og tivoliforskrifta. Med ein slik endring oppnår man samordna regler for rapportering av hendingar og ulykkar på dei aktuelle områda. Samstundes unnåås dobbeltreguleringa høyringsinstansane har peika på i sine høyringssvar.

Departementet støttar i hovudsak høyringsinnspillet frå *Statens havarikommisjon* om endringar i båe lovane § 11 andre ledd fyrste punktum. Tilsvarande gjeld òg for føresegnene i båe lovane § 11 a andre ledd fyrste punktum.

Departementet vil endre formuleringa av føresegna i tråd med høyringsinnspillet frå Statens jernbanetilsyn slik at det vert ståande «*etter loven her*» i båe lovane § 23 b andre ledd.

Det same gjeld for høyringsinnspilla frå *Statens havarikommisjon* og *Statens jernbanetilsyn* til båe lovane § 23 g nr. 2 om at undersøkingsmyndigheita kan krevje helseundersøkingar. Departementet er einig i at ein slik endring førar til ein beire sammanheng mellom føresegna i paragrafen slik *Statens havarikommisjon* og *Statens jernbanetilsyn* har peikt på.

Departementet held fast ved framlegga til føresegner om taushetsplikt som vart sendt på høyring. Med utgangspunkt i eit prinsipp om open rapporteringskultur meiner departementet føresegna legg til rette for deling av viktig informasjon til det førebyggjande sikkerheitsarbeidet. Departementet meiner det er viktig at alle fakta om hendingsgangen kjem fram. For at det førebyggjande sikkerheitsarbeidet skal vere reelt, må ein òg avdekke menneskelege feil. Skal dette la seg gjennomføre, må det vere ein tilstrekkeleg god vilje til å rapportere om hendingar. Denne rapporteringsvilja er no godt etablert i jernbanesektoren ved at involverte personar etter lova har forklaringsplikt, kombinert med spesialtilpassa reglar for teieplikt og eit vern mot sanksjonar frå arbeidsgivar, i tillegg til vern mot straffefølgjing etter jernbaneundersøkelseslova. Tilsvarande søkjer lovframlegget å verne om rapporteringsplikta på taubane- og tivoliområdet med tilsvarande føresegner i dei to lovane.

*Statens havarikommisjon* har i sitt høyringsinnspel til teiepliktreglane drøfta korleis dei som undersøkingsmyndigheit kan ta med informasjon som omhandler sensitive opplysningar som til dømes helseplagar i undersøkingsrapporter dei utarbeidar, jamfør framlegg til båe lovane § 23 k andre ledd. Departementet utelukkar ikkje at det

kan vere behov for å lovfeste dette slik *Statens havarikommisjon* peikar på, og då særleg av omsyn til auka forbetring av det generelle sikkerheitsarbeidet. Samstundes ser departementet at dette spørsmålet krev meir utredning, og vil difor ikkje ta inn ei slik føresegn no.

Departementet synar for øvrig til det som vart uttalt i høyringsnotatet om å etablere heimel til å innhente opplysningar frå teletilbydarar for undersøkingsmyndigheita:

For at Statens havarikommisjon skal få all nødvendig informasjon om ulykker og hendingar, er det viktig at undersøkingsmyndigheita blir gitt tilgang til opplysningar som er lagra hos tilbydarar av teletenester. Samferdselsdepartementet arbeider med eit framlegg til føresegner som klargjer Staten havarikommisjons tilgang til opplysningar frå teletilbydarar og havarikommisjonen si bruk og handtering av mottekne opplysningar. Det kan ventast at lovframlegget blir sendt på høyring om kort tid. Det vil m.a. bli lagt fram ei føresegn i ekomloven § 2-9 som gjer det klart at teieplikta ikkje er til hinder for at teletilbydarar gir lagra ekomopplysningar til Statens havarikommisjon når havarikommisjonen treng det i sitt undersøkingsarbeid. I same høyring vil departementet òg legge fram presiseringar i reglane om teieplikt og forbod mot bruk som bevis i rettssaker.

For at Statens havarikommisjon skal få tilgang til teledata på taubane- og tivoliområda når ekomloven blir endra, foreslår departementet at føresegna om teieplikt for Statens havarikommisjon blir gjord klarare som tenkt for dei andre sektorlovene. Departementet legg til grunn at det ikkje er tilsikta vesentlege reelle innhaldsmessige endringar. Målet er først og fremst å klargjere grensa for teieplikta etter gjeldande reglar.

Departementet foreslår difor ei føresegn som forbyr at opplysningar som Statens havarikommisjon mottar, blir brukt som bevis i ei

seinare straffesak mot den som har gitt opplysningane, tilsvarende gjeldande føresegn i jernbaneundersøkelsesloven § 22. Departementet foreslår at det absolutte bevisforbodet blir utvida til også å omfatte all bruk av opplysningar motteke frå teletilbydarar med heimel i ekomloven § 2-9, slik føresegna er tenkt å bli endra.

Departementet finn ikkje grunnlag for å formulere formålsføresegna i § 1 slik *Statens havarikommisjon* og *Statens jernbanetilsyn* har teke til orde for i sine høyringsinnspill. Taubanelova og tivoli-lova har etter sitt innhald eit meir omfattande verkeområde enn regulering av undersøkingar av ulykker, og det er difor etter departementets syn ikkje naturleg å formulere føremålsføresegna i dei to lovane likt som jernbaneundersøkelseslova. Den nye føresegna vil etter departementets framlegg ta inn at eit sentralt formål i dei to lovane er å drive førebyggjande sikkerheitsarbeid gjennom m.a. læring av ulykker og hendingar. Dette følgjer allereie av gjeldande krav til forsvarleg drift og førebyggjande sikkerheitsarbeid, jamfør mellom anna § 7. Jernbaneundersøkelseslova inneheld ikkje tilsvarende krav, og det er etter departementet sitt syn difor ikkje riktig å formulere formålsføresegnene på same måte i tivoli-lova og taubanelova.

Departementet finn ikkje *Statens jernbanetilsyn* sine framlegg om å endre § 3 og § 14 i båe lovane godt nok begrunna, og vil komme tilbake til desse innspela ved ein seinare revisjon av lovane.

Departementet vil etter dette gå vidare med framlegget som har vore sendt på høyring om ei undersøkingsmyndigheit til å iverksetje og gjennomføre undersøkingar av ulykker som råkar taubane- og tivoliområdet. Forutan dei endringane som allereie er omtala, er det gjort enkelte redaksjonelle endringar av lovteknisk art og dette er ikkje meint å endre meiningsinnhaldet i det opphavslege framlegget.

## 4 Økonomiske og administrative konsekvensar

Fleire høyringsinstansar har spurt om korleis undersøkingsmyndigheita skal verte finansiert. I samband med dette spørsmålet har det òg vore problematisert kor lenge man må rekne med at ein tivoli- eller taubaneverksemd, eller meir konkret eit anlegg på eit slikt område, må halde stengt ved ei eventuell hending eller ulykke og kva som er terskelen for å stengje.

I høyringsmøte 18. januar 2022 uttalte *Statens havarikommisjon* fylgjande til foreninga *Norske alpinanlegg og fjelldestinasjoner*:

[SHK] har døgnbemannet vakt og vil rykke ut så raskt som mulig. SHK har lang erfaring og godt innarbeidede rutiner for hvordan vi arbeider med selve undersøkelsen slik at ikke

næringen skal lide mer enn nødvendig. Baneavdelingen rykker stadig ut på ulykker – og alvorlige hendelser der både trikk-, tbane, togbransjen og samfunnet for øvrig har et berettiget behov for at undersøkelsen ikke hefter lengre enn nødvendig.

Departementet merkar seg dette, og legg til grunn at ei eventuell undersøking etter taubane- og tivolilova vert gjennomført så skånsamt som mogleg og tilpassa type hending og kva undersøkingsmyndigheita vurderer som naudsynt å få undersøkt. Til spørsmålet om finansiering av undersøkingsmyndigheita legg departementet til grunn at ho vert finansiert innanfor dei gjeldande budsjetttrammene.

## 5 Merknader til dei enkelte føresegnene

### Til § 1:

Formålsføresegna vert utvida ved at nytt andre ledd tar inn det som allereie gjeld etter andre føresegner i lova om at lova skal bidra til auka sikkerheit og førebygging av ulykker.

### Til § 4 andre ledd bokstav n i taubaneloven og bokstav m i tivoliloven:

Føresegna liknar gjeldande ordlyd i jernbaneundersøkelseslova § 3 femte ledd, men i jernbaneundersøkelseslova vert ordet «*arbeid*» brukt i staden for «*oppgaver og kompetanse*». Det er og presisert at forskriftsheimelen omfattar reglar om varsling og rapportering til og frå undersøkingsmyndigheita.

### Til § 9:

Første ledd vert endra slik at no òg undersøkingsmyndigheita vert varsla om ulykker og hendingar, i tillegg til politiet. Den nye ordlyden i andre ledd inneber at det er undersøkingsmyndigheita, og ikkje verksemda, som pliktar å varsle tilsynsmyndigheita.

Årsaka til at verksemda ikkje lenger pliktar å varsle tilsynsmyndigheita er at tilsynsmyndigheita ikkje har oppgåver i akuttfasen, og kan vente til undersøkingsmyndigheita varslar dei på et seinare tidspunkt.

Jernbaneundersøkelseslova har eit tilsvarende system der det er undersøkingsmyndigheita som varslar tilsynsmyndigheita etter alvorlege jernbanehendingar.

### Til § 10:

Føresegna vert endra slik at verksemda skal rapportere til både tilsynsmyndigheita og undersøkingsmyndigheita. Framlegget om å ta med prosessuelle formkrav til rapportering slik det går fram av *forskrift om varslings- og rapporteringsplikt*, då særleg § 5, foreslås tatt med i lovteksten. Det gjerast og nokre mindre, redaksjonelle endringar.

### Til § 11:

For at Statens havarikommisjon som undersøkingsmyndigheit skal kunne sende over teiepliktige opplysningar til tilsynsmyndigheita, må det gå fram av loven at «*enhver som utfører arbeid eller tjeneste for tilsynsmyndigheten*» har teieplikt for desse opplysningane.

### Til § 11 a:

Føresegna svarar til gjeldande føresegn i jernbaneundersøkelseslova § 8 a og gjeld for alle verksemdar som er omfatta av dei to lovane.

Ved å pålegge desse verksemdene ei teieplikt for opplysningar dei får kjennskap til i samheng med innrapportering og undersøkingar av ulykker og hendingar, vil verksemdene kunne unnta opplysningane frå offentlegheit med heimel i offentleglova § 13.

Ei slik føresegn må takast inn i taubanelova og fordi Forsvaret har fleire taubaner. Samstundes er føresegna naudsynt i tivolilova, fordi fleire kommunar har driftsløyve for fornøyingsinnretningar.

### Til § 23 a:

Føresegna svarar til gjeldande føresegn i jernbaneundersøkelseslova § 3.

### Til § 23 b:

Føresegna svarar i hovudsak til gjeldande føresegn i jernbaneundersøkelseslova § 4.

### Til § 23 c:

Føresegna svarar til gjeldande føresegn i jernbaneundersøkelseslova § 10, men ordlyden «*skal undersøke*» vert endra til «*undersøker*».

Fordi undersøkingsmyndigheita på taubane og tivoliområda ikkje er underlagt same undersøkingsregime som for jernbane, ønsker *Statens havarikommisjon* å ha ein større fleksibilitet og moglegheit til å velje undersøkingar ut frå forventa sikkerheitsmessig læring slik det er regu-

lert på veg, sjå vegtrafikkloven kap. VII om undersøkingar av trafikkulykkar.

Jernbaneundersøkelseslova og jernbaneundersøkelsesforskrifta definerer kva saker Statens havarikommisjon skal undersøke ved hendingar på jernbanelområdet.

*Til § 23 d:*

Føresegna svarar til gjeldande føresegn i jernbaneundersøkelseslova § 11, og det er ikkje tiltenkt innhaldsmessige endringar.

*Til § 23 e:*

Føresegna svarar til gjeldande føresegn i jernbaneundersøkelseslova § 12, men ordlyden «*vrakrester*» er bytta ut med «*gjenstander*».

Bruk av ordet «*gjenstander*» er meint å dekke alle objekt på ein ulykkesstad, i tillegg til delar og komponentar tilknytt infrastrukturen på taubane- og tivoliområda, som ikkje nødvendigvis geografisk er på same stad som ulykkesstaden.

*Til § 23 f:*

Føresegna svarar til gjeldande føresegn i jernbaneundersøkelseslova § 14.

*Til § 23 g:*

Føresegna svarar til gjeldande føresegn i jernbaneundersøkelseslova § 13.

Som for § 23 e vert ordlyden «*vrakrester*» i jernbaneundersøkelseslova foreslått bytta ut med «*gjenstander*».

*Til § 23 h:*

Føresegna svarar til gjeldande føresegn i jernbaneundersøkelseslova § 15.

*Til § 23 i:*

Føresegna svarar til gjeldande føresegn i jernbaneundersøkelseslova § 16 første ledd. Departementet legg til grunn at innhaldet i formuleringa «*ofrene og deres familie*» skal verte avgrensa nærare i forskrift i tråd med gjeldande rett.

*Til § 23 j:*

Føresegna svarar til gjeldande føresegn i jernbaneundersøkelseslova § 9 første ledd, men med forskjellar i nemning på systemet.

Materiell på taubane- og tivoliområda kan ha ei rekke system som kontinuerleg loggar informasjon frå driftsrelaterte system, sensorar for tilstandsovervaking, og overvakingsskamera som filmar relevante delar av systemet.

Definisjonen av type system vert difor meir omfattande og generell.

*Til § 23 k:*

Første ledd gjeld teieplikta for alt anna arbeid, typisk for administrasjonen og drifta av Statens havarikommisjon.

Andre ledd regulerer teieplikta for undersøkingarbeidet.

Etter andre ledd første punktum er alle opplysningar som finst hos Statens havarikommisjon i samband med undersøking av ulykker og hendingar underlagt ei absolutt teieplikt, med unntak av tredje ledd nr. 1 til 7.

Tredje ledd nr. 1 gjeld bruk av opplysningar i undersøkingssrapportar. Utforminga, offentleggjeringa og oppfølginga av undersøkingssrapporten er hovudformålet med dei fleste undersøkingar, og det må vera mogleg å omtale innsamla opplysningar i rapporten.

Ulykker og hendingar er av så ulik karakter at det må gjerast ei skjønsmessig vurdering av kva rapporten skal innehalde. Difor inneheld tredje ledd nr. 1 andre punktum ei liste over fire typar opplysningar som likevel ikkje skal kunne bli tatt inn i undersøkingssrapportane (unntak frå unntaket).

Det første unntaket (bokstav a) omfattar opplysningar som avslører identiteten til personar som har gitt forklaring etter ny § 23 f i taubanelova og tivoli-lova. Formålet med dette unntaket er dels å verne dei som har plikt til å forklare seg mot sjølvinkriminering i strid med menneskerettane, og dels å auka sannsynet for at Statens havarikommisjon får tilgang til relevante opplysningar om sikkerheita som Statens havarikommisjon ikkje ville ha fått tilgang til dersom kjelda fryktar straff eller andre negative konsekvensar av å forklare seg. Det er ikkje noko krav at det i det enkelte høve vil ha konkrete negative konsekvensar dersom identiteten til den som forklarar seg vert kjent.

Det neste unntaket (bokstav b) omfattar opplysningar av særleg kjensleg eller privat art, som detaljerte opplysningar om helsa til ein person. Føresegna bygger på ein føresetnad om at det ikkje er nødvendig å opplyse nøyaktig kva helseproblem som involverte personar lir eller har lide av. Det er tilstrekkeleg å slå fast at det kan ha vore

ein mogleg årsaksrelasjon mellom helsa til vedkomande og ulykka eller hendinga. Sjølv om ordlyden er ein litt annan enn i forvaltningslova § 13 første ledd nr. 1 vil det vera betydeleg overlapp mellom verkeområdet for dei to føresegnene.

Det tredje unntaket (bokstav c) omfattar opplysningar om strafferettsleg eller sivilrettsleg skuld og ansvar. Departementet meiner at det er ein fordel at dette sentrale prinsippet kjem fram av føresegna.

Det fjerde unntaket (bokstav d) inneber typisk at Statens havarikommisjon ikkje skal uttrykke eksplisitt at ein person som har overlevd ei ulykke skal fråtakast oppgåver som er avgjerande for sikkerheita. Det å ta stilling til bruk av reglar på eit konkret høve er ei tilsynsoppgåve, og ligg til tilsynsmyndigheiten eller andre sertifiserande myndigheitar, ikkje Statens havarikommisjon.

Tredje ledd siste setning slår fast at forboda i bokstav b til d gjeld sjølv om personane er anonymiserte. Sjølve plikta til å anonymisere i undersøkningsrapportar følgjer av ny § 23 m i taubanelova.

Unntaket i tredje ledd nr. 2 gjeld retten til å gje opplysningar til tilsynsmyndigheita. Føresegna kan sjåast på som ein modifisering av dei reglane om deling av opplysningar i forvaltninga som følgjer av forvaltningslova. Føresegna i forvaltningslova er endra ved lov av 18. juni 2021 nr. 127, og omsynet bak er særleg å gjere det mogleg å dele opplysningar mellom forvaltningsorgan. Likevel gjer særlege omsyn seg gjeldande for Statens havarikommisjons forhold til andre forvaltningsorgan, og det bør vera eit særst snevert unntak frå den altomfattande teieplikta grunnlagt nettopp i omsynet om å verna om liv og helse. Det inneber altså ikkje ei generell plikt eller rett til å bidra til å fremme formål som andre delar av forvaltninga har.

Unntaket frå teieplikta omfattar berre opplysningar som er relevante for å belyse om den som opplysningane gjeld er klart uskikka til å inneha eit løyve. Statens havarikommisjon skal ikkje ta endeleg stilling til om løyvet må inndragast, men må meine internt at det er eit klart sannsyn for dette. Det er viktig å merke seg at dette standpunktet ikkje skal inn i undersøkningsrapporten, jamfør merknaden til nr. 1 bokstav d.

Tredje ledd nr. 3 gjentar det generelle prinsippet om at den som opplysningane gjeld sjølv kan få tilgang til dei, og at den som har krav på tystnad sjølv kan samtykke til at dei vert kjent. Dette svarar til forvaltningslova § 13 a nr. 1. Føresegna bør derfor òg tolkast som denne dersom det ikkje er klare haldepunkt for noko anna basert på

omstenda i det konkrete høve. Det førande omsynet er at teieplikta normalt ikkje rekk lenger enn det vedkomande som vernet er meint å omfatta sjølv meiner det er behov for. For ordens skyld er det presisert at undersøkningsmyndigheita òg kan samtykke. I så fall må det føresetjast at undersøkningsmyndigheita er sikker på at samtykket ikkje krenkjer interessene til andre.

Tredje ledd nr. 4 er ein konkretisert variant av det generelle prinsippet i forvaltningsloven § 13 b nr. 3. Føresegna opnar for nødvendig deling av opplysningar internt i Statens havarikommisjon. Føresegna inneber på den eine sida at personar i havarikommisjonen som ikkje treng å få tilgang til opplysningane ikkje skal ha det, og på den andre sida at personar som ikkje er formelt tilsette i Statens havarikommisjon, men som utfører arbeid for havarikommisjonen i ei konkret sak, kan få det.

Tredje ledd nr. 5 svarar til unntaket for opplysningar som har statistisk form i forvaltningslova § 13 a nr. 2.

Tredje ledd nr. 6 svarar til unntaket i forvaltningslova § 13 a nr. 3. Føresegna omfattar det som ofte vert omtalt som «reine faktaopplysningar», som til dømes opplysningar om tidspunkt, stad, tekniske forhold, terrengformasjonar, værforhold, konstruksjonar, osb.

Tredje ledd nr. 7 vil typisk omfatte deling av opplysningar mellom nasjonale undersøkningsmyndigheiter som ledd i undersøkinga av ulykker som involverer føretak frå to eller fleire land. Operatørar, sertifiserande myndigheit eller konstruktørar kan t.d. vere frå eit anna land enn der ei ulykke har hendt. I slike høve vil deling av opplysningar med einingar i andre land bygge på den same tankegangen om naudsyn som underbygger andre ledd nr. 4. Når Noreg inngår slike avtalar vil vilkåret vere at motparten har interne teiepliktføresegner som svarar til dei som kjem fram av nr. 7.

Fjerde ledd har som formål å avgrense teieplikta mot opplysningar i ein del dokument som Statens havarikommisjon ikkje sjølv har utarbeidd eller fått utarbeidd. Erfaringa er at teieplikta vert for vidtrekkande dersom den omfattar alle opplysningar i slike «eksterne» dokument.

Det dreier seg typisk om opplysningar i dokument som eksisterer heilt uavhengig av undersøkinga eller som nokon andre enn undersøkningsmyndigheita har laga i samband med undersøkinga. Desse skal som hovudregel ikkje vere teiepliktige sjølv om dei er hos Statens havarikommisjon som følgje av ei undersøking.

Opplysningar i slike dokument som i utgangspunktet ikkje er teiepliktige, er likevel teiepliktige

